

Eksamen

21.05.2019

HSE3001 Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsesekretær vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Du blir vurdert ut frå evna du viser til å</p> <ul style="list-style-type: none">- bruke og kombinere ulike former for kompetanse om helsefremjande arbeid- vareta pasienten på ein fagleg forsvarleg måte innanfor helsefremjande arbeid

Situasjonsskildring

Du er tilsett som helsesekretær på Sentrum legesenter.

Bianca Botnevik, født 12.12.88, kjem til legekontoret fordi ho nettopp har oppdaga at ho er gravid, etter at ho i lengre tid har følt seg sliten og uopplagd. Ho og sambuaren er glade for beskjeden om at dei ventar barn. Men Bianca er bekymra for om ho vil klare jobben sin som helsefagarbeidar på sjukeheimen framover.

Oppgåve 1

- a) Dette er det første svangerskapet til Bianca. Ho lurar på når fødselen blir. Den siste menstruasjonen hennar var 01.02.2019. Berekn tidspunktet for terminen hennar.
- b) Gi henne råd om kosthald og levesett under graviditeten. Grunngi råda dine.

Oppgåve 2

- a) Kva for komplikasjonar kan gravide få, og korleis kan komplikasjonane førebyggast? Grunngi svaret ditt.
- b) Kva er allmenntilstand, og korleis blir allmenntilstanden påverka ved graviditet? Grunngi svaret ditt.

Oppgåve 3

- a) Ta utgangspunkt i situasjonen til Bianca og vurder kva det vil ha å seie for henne at ho kan halde fram i jobben som helsefagarbeidar under svangerskapet. Grunngi svaret ditt.
- b) Kva kan Bianca og arbeidsgivaren hennar gjere for at ho skal kunne halde fram i jobben lengst mogleg? Grunngi svaret ditt.

Oppgåve 4

Du og kollegaene dine ved Sentrum legesenter har vore på kurs om bruk av antibiotika og kva for farar vi står overfor med tanke på resistensutvikling.

- a) Drøft problema og konsekvensane samfunnet og enkeltpersonar står overfor når det gjeld antibiotikabruk. Grunngi svaret ditt.
- b) Gi eksempel på kva følger resistensutvikling kan få for enkeltpasientar og pasientgrupper. Grunngi svaret ditt.

Oppgåve 5

Korleis kan MSIS vere eit hjelpemiddel for å ha kontroll over infeksjonsutbrot og epidemiar?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Du blir vurdert ut fra evnen du viser til å</p> <ul style="list-style-type: none">- bruke og kombinere ulike former for kompetanse om helsefremmende arbeid- ivareta pasienten på en faglig forsvarlig måte innenfor helsefremmende arbeid

Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt som helsesekretær på Sentrum legesenter.

Bianca Botnevik, født 12.12.88, kommer til legekantoret fordi hun nettopp har oppdaget at hun er gravid, etter at hun i lengre tid har følt seg sliten og uopplagt. Hun og samboeren er glade for beskjeden om at de venter barn. Men Bianca er bekymret for om hun vil klare jobben sin som helsefagarbeider på sykehjemmet framover.

Oppgave 1

- a) Dette er Biancas første svangerskap. Hun lurer på når fødselen blir. Den siste menstruasjonen hennes var 01.02.2019. Beregn tidspunktet for terminen hennes.
- b) Gi henne råd om kosthold og levestil under graviditeten. Begrunn rådene dine.

Oppgave 2

- a) Hvilke komplikasjoner kan gravide få, og hvordan kan komplikasjonene forebygges? Begrunn svaret ditt.
- b) Hva er allmenntilstand, og hvordan påvirkes allmenntilstanden ved graviditet? Begrunn svaret ditt.

Oppgave 3

- a) Ta utgangspunkt i Biancas situasjon og vurder hva det vil ha å si for henne at hun kan fortsette i jobben som helsefagarbeider under svangerskapet. Begrunn svaret ditt.
- b) Hva kan Bianca og arbeidsgiveren hennes gjøre for at hun skal kunne fortsette i jobben lengst mulig? Begrunn svaret ditt.

Oppgave 4

Du og kollegaene dine ved Sentrum legesenter har vært på kurs om bruk av antibiotika og hvilke farer vi står overfor med tanke på resistensutvikling.

- a) Drøft problemene og konsekvensene samfunnet og enkeltpersoner står overfor når det gjelder antibiotikabruk. Begrunn svaret ditt.
- b) Gi eksempler på hvilke følger resistensutvikling kan få for enkeltpasienter og pasientgrupper. Begrunn svaret ditt.

Oppgave 5

Hvordan kan MSIS være et hjelpemiddel for å ha kontroll over infeksjonsutbrudd og epidemier?



www.vigoiks.no/eksamen